



Arkivnr: 2015/3680-14

Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		08.11.2017
Fylkesutvalet		22.11.2017

Prosjektrapportering og vidareføring av sykkelbyavtale for Bergen 2018 - 2021**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har saman med Bergen kommune og Statens vegvesen (SVV) inngått ein 4-årig sykkelbyavtale for Bergen. Gjeldande avtaleperiode er frå 01.01.2014 – 31.12.2017, sjå vedlegg. Fylkesrådmannen rår til å forlenge avtalen med 4 nye år. Hensikta med ein sykkelbyavtale er å etablere eit felles grunnlag for partane si sykkelsatsing ved å definere mål, formålstenlege arbeidsformer og sikre ressursane i prosjektet.

I gjeldande avtale har finansieringa av avtalen vore sikra gjennom Bergensprogrammet. Her er det årleg sett av 2 mill. kr til Sykkelbyen Bergen. I den nye avtalen vil Sykkelbyen Bergen inngå i *Byvekstavtale for Bergen 2017 – 2023 – Miljøløftet*. I tillegg bidreg Statens vegvesen med kr 500 000,- over riksvegbudsjettet.

I gjeldande avtale var ambisjonen å doble sykkelandelen i Bergen, dvs frå 3,4 % til 6,8%¹. Nye nasjonale tal vil først vere klar neste år, men ulike målinger og undersøkingar i avtaleperioden tyder på at målet ikkje er nådd.

Økonomi: Finansierast gjennom årlege budsjett i Byvekstavtalen.

Klima: Målet er auka sykkelbruk og reduksjon i biltrafikken. Dette vil ha positiv påverknad på klimautslepp frå transportsektoren.

Folkehelse: Det er ei nasjonal målsetting å få fleire i aktivitet og tilrettelegging for sykkel gjer det enklare for folk å vere i bevegelse i kvardagen. Auka sykkelbruk vil ha positiv effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Fylkeskommunen har mellom anna som langsiktig mål at fylket skal vere berekraftig, og legge til rette for ei utvikling som går i retning av å vere klima- og miljøvenleg. Å stimulere til auka sykkelbruk vil vere eit steg i riktig retning for å nå desse måla.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek prosjektrapport 2014 – 17 til etterretning og går inn for å vidareføre avtalen for «Sykkelbyen Bergen» i perioden 2018 – 2021.
2. Fylkesrådmannen legg til grunn at ressursar for oppfølging av avtalen vert sikra gjennom *Byvekstavtalen for Bergen 2017 – 2023 – Miljøløftet*

¹ Den nasjonale reisevaneundersøkinga 2013, Bergen kommune

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.10.2017

Bakgrunn

Hausten 2013 inngjekk Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og SVV ein 4-årig avtale om å arbeide for å auke sykkelandelen gjennom prosjektet «Sykkelenbyen Bergen». Avtalen omhandlar målsettingar og strategiar for sykkelsatsinga, samt organiseringa av arbeidet og ressursbruk, både når det gjeld økonomi og fagfolk. Gjeldande sykkelenbyavtale går ut ved årsskiftet 2017 og det er difor behov for å vurdere vidareføring av denne.

Generelt om sykkelenbyavtalen

Ein sykkelenbyavtale omhandlar målsettingar og strategiar for sykkelsatsing i ein kommune, samt organisering av arbeidet og ressursbruk. Avtalen skal sikre eit felles grunnlag for det vidare arbeidet gjennom mål, oppgåver, tiljungelege midlar og personressursar. Sykkelenbyane er prioritert i den nasjonale tilskotsordninga til tiltak for auka sykkelsatsing i kommunar og fylkeskommunar. Denne ordninga vart etablert i 2014/2015 og vert administrert av SVV på vegne av Samferdselsdepartementet. Formålet er å bidra til ein raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkomme for gåande og syklende.

Økt satsing på sykkel og gange er ei nasjonal og regional målsetting som er forankra i ei rekke plan- og strategidokument. SVV har eit sektoransvar for sykkel, og det inneber mellom anna ansvar for å spreie kunnskap og kompetanse om tilrettelegging for å auke sykkelsatsinga. SVV har oppretta eit sykkelenbynettverk for tilsette i kommunar, fylkeskommunar og Statens vegvesen. Dette nettverket er opent for alle kommunar og fylkeskommunar som både politisk og administrativt prioriterer å legge til rette for dei som syklar. Sykkelenbynettverket arrangerer mellom anna temsamlingar og studieturar som er retta mot både fagfolk, planleggjarar og beslutningstakrar. Sykkelenbynettverket har nå 110 medlemmer; 89 kommunar, 16 fylkeskommunar og dei 5 regionane i Statens vegvesen. Hordaland fylkeskommune er saman med kommunane Bergen og Stord med i nettverket. Det er venta at fleire kommunar frå Hordaland vil inngå sykkelenbyavtale. I Regional Transportplan er eit av tiltaka at regionsenterkommunane vurderer sykkelenbyavtale.

Om Sykkelenbyen Bergen – prosjektrapportering 2014 - 2017

I Bergen er sykkelenby-arbeidet i hovudsak knytt til dei «ikkje fysiske» tiltaka, dvs til dømes marknadsføring, arrangement og samarbeid med andre sykkelpådrivarar. Arbeidet knytt til infrastruktur er lagt til Bergensprogrammet. Sykkelenbyen Bergen er tildelt midlar gjennom Bergensprogrammet (2 mill. kr) og SVV riksvegmidlar (kr 500 000,-). Forbruket har vore følgjande i avtaleperioden:

2014: 1,4 mill. kr

2015: 2,6 mill. kr

2016: 2,5 mill. kr

2017: 2,5 mill. kr

Frå neste år vil arbeidet med sykkeltilrettelegging i Bergen inngå i *Byvekstavtale for Bergen 2017 – 2023 - Miljøloftet* som vart underteikna i juni 2017. Byvekstavtalen skal sikre ressursar til vidare arbeid med auka sykkelsatsing i Bergen.

Sykkelenbyen Bergen har sin eigen logo som vert nytta i arbeidet med å marknadsføre sykkelenbykonseptet. Dette er synleg i sosiale mediar og diverse materiell som vert nytta til å promotere sykling som reisealternativ.



Sykkelbyen Bergen har nyleg gjennomført ei lokal undersøking som viser at 80 % av dei 854 spurte har hørt om Sykkelbyen Bergen. Vidare har 78 % opplevd meir fokus på sykling dei siste årene, og 63 % ønsker meir tilrettelegging for sykkel. 73 % av desse er villig til at det skal gå på bekostning av biltrafikk (fleire bilfrie veier). Undersøkinga er nærmere omtalt i vedlagt Prosjektrapport 2014 – 2017.

Det å endre folk sine reisevaner er ein ressurs- og tidkrevjande prosess med målretta arbeid knytt til ulike kommunikasjonstiltak. Arbeid med mobilitet, og promotere andre reisealternativ enn bil inneber å kome i dialog med både dei som reiser og arbeidsgivarar. Det handlar om å synleggjere dei alternativa som fins, og til dømes oppmøde arbeidsgivarar om å legge til rette med sikker sykkelparkering og. «Sykkeldynamo» er eit av prosjekta i Sykkelbyen Bergen der verksemder som har satsa på slik tilrettelegging vert synleggjort og premiert. Av andre større arrangement kan nemnast «*Sykkelreparatørene kommer til deg*» og «*Den store sykkeldagen 2017*». Sykkelbyen har i fleire år tilbudd gratis sykkelservice, og dette har vore eit populært tiltak som fleire hundre personer har nytta. 22. april 2017 var det sykkeldag på Festplassen. Her møtte fleire tusen opp for å delta på ulike sykkelrelaterte aktivitetar. Vedlagte prosjektrapport gir nærmere greie for Sykkelbyen Bergen sine kommunikasjonstiltak i avtaleperioden

I gjeldande avtale for Sykkelbyen Bergen finn ein følgjande mål og effektmål.

5. Mål

Hovedmål:

Sykkelbyavtalen har som hovedmål å øke sykkelbruken, og bidra til at sikkerheten for syklister blir bedret. I Bergen skal det være attraktivt og trygt å sykle for alle.

Effektmål:

Innbyggerne i Bergen skal oppleve at sykkel er et godt og hensiktsmessig alternativ som transportmiddel, og flere bruker sykkel til arbeid og i fritid. Det er et mål å doble sykkelandelen i perioden (2014-2017).

Effektmålet tek utgangspunkt i den nasjonale reisevandeundersøkinga frå 2013. I Bergen kommune var sykkelandelen då på 3,4 %. Tilsvarande reisevaneundersøking er under arbeid, men det er uvist når tala vil vere klar. Tal frå sykkelteljepunkt og andre undersøkingar viser at det neppe er ein dobling i talet på syklistar i Bergen. Samstundes har mellom anna Sykkel-VM og bysykkelordninga bidrige positivt til å gjøre kvardagssykling synleg i Bergen. Bysykkelordninga har vore svært populær og i oktober 2017 var det registrert 142 000 turar. Dette er i hovudsak kortare turar i bykjernen som i avgrensa grad vert fanga opp av sykkeltjarane. Bysykkelordninga vil i 2018 verte ein permanent ordning i Bergen. Vidare vil Sykkelbyen Bergen fortsette arbeidet med å promotere sykling gjennom ulike kommunikasjonstiltak, både i eigen regi og saman med andre alliansepartnarar.

Fylkesrådmannen sin tilråding

Det er eit nasjonalt overordna mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Inngåing av *Byvekstavtale for Bergen 2017 – 2023 - Miljøloftet* er eit virkemiddel for å nå dette målet, og avtalen forpliktar partane til å jobbe systematisk med utvikling av sykkelandelen i Bergen.

Fylkesrådmannen meiner prosjektet Sykkelbyen Bergen har ein viktig funksjon for å synleggjere partane i avtalen si sykkelsatsing. Ein sykkelbyavtale er forpliktande, og det vert stilt krav til deltakarane om å ha ein aktiv rolle. Sykkelbyen Bergen har gjennom sin kommunikasjonsstrategi utvikla eit verktøy som gir føringar for ulike prosjekt og kampanjeaktivitetar (arrangement, sosiale mediar mm). Fylkesrådmannen vurderer det som viktig at sykkel som framkomstmiddel vert synleggjort gjennom slike aktivitetar og aktiv kommunikasjon med innbyggjarane i Bergen. Sykkelbyen Bergen har også etablert gode samarbeidsformer med ulike alliansepartnarar som også promoterer sykkelbruk.

Endring av folk sine reisevaner er eit krevjande arbeid som krev brei innsats over lengre tid. Sjølv om målet om ein dobling av sykkelandelen i Bergen ikkje er nådd i avtaleperioden 2014 - 2017, er det grunn til anta at fleire er bevisst sykkelsatsinga i kommunen. Undersøkinga som har vore gjennomført i regi av Sykkelbyen Bergen tyder på det. Difor er det viktig å fortsette kommunikasjonsarbeidet i Sykkelbyen Bergen for å inspirere fleire til å nytte sykkelen.

Fylkesrådmannen legg til grunn at Byvekstavtalen sikrar ressursar til det vidare arbeidet gjennom Sykkelbyen Bergen og anbefaler ein vidareføring av avtalen for 4 nye år.

Vedlegg:

1. Avtale for Sykkelbyen Bergen 2013 -2017
2. Prosjektrapport 2014 - 2017